



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Hammer, 55 57 22 46

Vår dato
30.12.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11440 621
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Fylkesmannen avsluttar tilsyn med barnevernstenesta

Fylkesmannen har avslutta tilsynet knytt til kommunen sin rapportering om at fleire barn venta på tiltak frå barnevernstenesta. Barna som var utan tiltak per 30.juni i år, har fått dei tiltaka barnevernstenesta vurderte som naudsynte.

Fylkesmannen viser til vårt brev av 29. september 2014 der vi på bakgrunn av kommunen si halvårsrapportering på barnevern starta tilsyn. Barnevernsleiar gav tilbakemelding i brev den 20. oktober 2014.

Det gjekk fram av halvårsrapporten at Radøy kommune på rapporteringstidspunktet hadde 5 barn som venta på tiltak frå barnevernstenesta. Fylkesmannen bad kommunen gjere greie for årsaka til dette, kor mange av tiltaka som i ettertida var sett i verk, og når kommunen rekna med å ha resterande tiltak i gang.

I tilbakemeldinga går det fram at to av barna ikkje skulle vore med i rapporten. Fylkesmannen forstår tilbakemeldinga slik at barnevernstenesta har vore unøyaktig i rapporteringa. Dette har medført at tala i halvårsrapporten har blitt feile. Det går også fram av tilbakemeldinga at tiltak no er sett i verk i dei sakene der barna reelt sett venta på tiltak ved utgangen av første halvår.

Fylkesmannen takkar for tilbakemeldinga. Vi reknar med at leiar sikrar at sakene vert registrert nøyaktig i fagsystemet og at kommunen rapporterer den reelle situasjonen i tenesta. Vi tek til orientering at barna som vart rapportert å vere utan tiltak per 30.juni i år, no har fått dei tiltaka barnevernstenesta vurderte som naudsynte. Fylkesmannen føreset at kommunen sikrar at barnevernstenesta utfører sine oppgåver i samsvar med lovkravet og at leiinga følgjer med på at dette vert gjort.

Fylkesmannen avsluttar med dette saka.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
seksjonsleiar

Marianne Hammer
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Barneverntenesta i Radøy Radøyvegen 1625 B 5936 MANGER